

MEDDELELSER

FRA

DET NORSKE MYRSELSKAP

Nr. 4.

Oktober 1924

22de aargang.

Redigert av Det Norske Myrselskaps sekretær, torvingeniør J. G. Thaulow.

VÉR OG VEKST VED DET NORSKE MYRSELSKAPS FOR- SØKSSTASJON PAA MÆRESMYRA I AARET 1923.

Av myrkonsulent *Hans Hagerup*.

VINTEREN 1922—23 var mild, medan sumaren 1923 var kald og regnfull. I tabel 1 er opført resultatet av nedbørmålingarne paa Mæresmyra. Her vil ein finne at den samla nedbøren for aaret er 757.5 m. eller berre 17,5 mm. større enn det normale (740 mm.

Tabel 1. *Nedbøрмаalingar paa Mæresmyra 1923.*

Maanad	Nedbør m/m	Normal nedbør Steinkjer m/m	Skilnad m/m + ÷	Høgste nedbør		Nedbørs- dagar
				Dato	m/m	
Januar	90,9	77,—	+ 13,9	26	22,5	25
Februar	15,7	64,—	÷ 48,3	5	8,8	5
Mars	16,6	48,—	÷ 31,4	27	5,8	10
April	9,8	35,—	÷ 25,2	23	6,3	8
Mai	79,6	38,—	+ 41,6	14	17,2	23
Juni	82,4	43,—	+ 39,4	9	12,0	25
Juli	72,4	61,—	+ 11,4	18	13,2	19
August	52,4	78,—	÷ 25,6	24	12,5	17
September	165,2	78,—	+ 87,2	10	28,3	19
Oktober	92,8	78,—	+ 14,8	29	28,7	23
November	42,8	76,—	÷ 33,2	4	5,2	19
December	36,9	64,—	÷ 27,1	17	7,4	12
Heile aaret	757,5	740,—	+ 17,5	—	—	205
Mai—sept. (veksttida) .	452,0	298,—	+ 154,0	—	—	103
Mai—juli	234,4	142,—	+ 92,4	—	—	67

Steinkjer). Men ser vi paa den egentlige veksttid mai—september er nedbøren 452 m/m eller 154 m/m over det normale (298 m/m). Januar md. hadde over normalt med nedbør — 90,9 m/m men ellers

var det lite nedbør i sjølve vintermaanaderne, alle hadde under middels. Den einaste sumermaanad som hadde under normalt med nedbør var august md. 52,4 m/m, mot normalt 78 m/m.

Antalet av nedbør-dagar fordeler seg slik paa dei ymse vekst-maanader:

Mai	23 dagar.
Juni	25 «
Juli	19 «
August	17 «
September	19 «

Sum 103 nedbør-dagar.

Dei fleste nedbørdagar har vore paa fyresumaren — mai og juni.

I tabellarne 2 og 3 er gjeve eit oversyn over antal frostnetter medeltemperatur og varmesum i veksttida. Det er ingen maanad som har vore utan frost i dette aaret. Mai har havt dei fleste frostnetter — 14 stk. April md., som ikkje er medteke i tabellen, hadde fraa 14de til 30te, frost kvar natt, laagste temp. den 17. april med $\div 9^{\circ}$ C.

Tabel 2. *Frostnetter paa Mæresmyra sumaren 1923.*

Maalt 2 m. fraa jordflata.

Dato	Temperatur C°		Merknad	Dato	Temperatur C°		Merknad
	Max.	Min.			Max.	Min.	
Mai 1. . .	$\div 6,$	12,0	Hagl Hagl {Snø og hagl}	Juli 26 . .	$\div 1,5$	15,0	I alt frostnetter i juli 2.
2. . .	$\div 5,$	7,0		29. . .	$\div 1,0$	19,5	
3. . .	$\div 3,$	9,0		August 13 .	$\div 1,0$	16	I alt frostnetter i august 2.
4. . .	$\div 2,$	7,0		21 .	$\div 1,5$	18	
6. . .	0,0	15,0		Septbr. 18 .	$\div 0,5$	15,5	I alt frostnetter i september 4. <i>Mai—september i alt frostnetter 27.</i>
8. . .	$\div 2,0$	8,0		23 .	$\div 4,0$	14,0	
9. . .	$\div 3,0$	9,0		25 .	$\div 2,5$	13,0	
10. . .	$\div 2,0$	8,0		27 .	$\div 3,0$	14,5	
11. . .	$\div 5,0$	9,0					
16. . .	$\div 4,0$	12,5					
19. . .	$\div 3,0$	11,0					
20. . .	$\div 1,0$	13,0					
21. . .	$\div 2,0$	13,0					
25. . .	$\div 1,0$	15,0					
I alt frostnetter i mai . 14							
Juni 2. . .	$\div 1,0$	8,0	Snø og hagl Snøslud				
4. . .	$\div 1,0$	8,0					
5. . .	$\div 1,0$	6,5					
6. . .	$\div 2,5$	10,0					
18. . .	$\div 3,0$	17,0					
I alt frostnetter i Juni . 5							

Juni hadde 5, juli 2, august 2 og sept. 4, alt 27 frostnetter i tida mai—sept.

Medeltemp. og varmesum viser at det har vore ein kald sumar. For mai—sept. har varmesumen vore 1351 og medeltemp. 8,82 C° eller for halvaaret 14. april—14. oktober 1406 og 7.63 C°. Normal varmesum er for Steinkjer i mai—sept. 1741,2. Det har vore eit varmeunderskot paa burtimot 400 mot det normale. I alle sumarmaanader har det vore underskot, men størst i mai og juni. Juni maanad har ikkje stort større varmesum enn mai, og medeltemperaturen for juni ligg berre 1,37 C° over mai sin medeltemp.

Som fyrr omtala var det litet nedbør paa etterjulsvinteren og ganske mildt; difor gjekk snøen fort og alt i midten av mars var det berr jord.

Den 26. mars var telen 25—30 cm. tjukk paa vollpløgsle, og der var optina 2—5 cm. Vi byrja daa aa teleharva. I tabel 4 er resultatet av telemaalingarne framstilt. Telen var so og segja burte omkring 20. mai paa nybrote myr. Vaararbeidet utover april md. og fyrste halvdel av mai gjekk for seg under ganske gode vertilhøve, noko kalt var det, men rimeleg nedbør. Den 23. april var heilt snødekt, men den snøen kvarv snart. Vaarbeidet var for størstedelen fraasegjort daa det verste regn og kalde sette inn i siste halvdel av mai og i juni md.

Den 1. saatida i saatidsforsøka med korn var den 24. april.

Utenom desse forsøk tok saaningen av havre til 1. mai og bygg 3. mai. Gulrot, kaalrot og betar vart saadd 4. mai, solsikke 12. mai. Potetorne sett 18. mai. Sortforsøket med neper saadd 25. mai og hovudkaalen utplanta 1. juni.

Paa grunn av den kalde periode i mai—juni md. gjekk planteveksten uvanleg seint fram.

Slaattoonna tok seint til. Den 12. juli vart revehalen seige og den 19. vart halde fram med andre grasslag. Berginga av høyet var god, daa august maanad hadde litet nedbør, adskillig under det normale.

Den 16. august vart haustrugen saadd.

Skuronna byrja 3. sept. med maskinbygget; den 5. vart halde fram med asplundbygget. Perlehavre paa mosemyr (sandkøyrt) vart skore 8. sept., paa grasmyr 27. sept. legde.

Innberginga av kornet var ikkje god, det var for mykje regn i sept. maanad. Kornprøver som vart innsendt 29. til Statens kjemiske kontrolst., Trondheim viser sovore vatsinnhald og spiringspct.:

	Pct. spireevne	Vatsinnhald	Hl. vegt
Asplundbygg	89 efter 10 døgn	18,38	62 kg.
Maskinbygg (nr. 1)	90	18,42	59,8 «
—»— (» 2)	96	17,82	—
Perlehavre	93	15,82	49,9 «

Kornet var reinska paa den alm. blaasemaskin etter treskinga.

Tabel 3. *Over syn over temperaturmaalingar, medeltemp. og varmesum paa Meeresmyra sumaren 1933.*

Maaned	Medel av maalingar				Maandens medeltemp.	Maandens varmesum	Laagste obs.		Hogste obs.		Medel. av mat. maalingar
	kl. 8 fm.	kl. 2 em.	kl. 8 em.	Min.			Min.	dato	Maks.	dato	
April (14.—30.)	1,7	4,3	0,3	÷ 4,1	0,53	9	÷ 9,5	21.	10,5	30.	6,0
Mai	6,7	9,2	5,8	0,2	5,47	170	÷ 6,0	1.	16	26.	10,6
Juni	7,3	9,8	6,7	3,5	6,84	205	÷ 3,0	18.	17,5	18.	11,5
Juli	14,1	17,2	13,6	7,5	13,08	406	÷ 1,5	26.	27,5	11.	18,6
August	11,8	15,5	11,2	6,2	11,17	346	÷ 1,5	21.	22,5	2.	17,0
September	7,6	11,6	7,4	3,3	7,46	224	÷ 4,0	23.	20,0	1.	12,8
Oktober (1.—14.)	2,8	7,1	3,2	0,0	3,26	46,0	÷ 8,0	13.	12,0	8.	8,3
					Sum						
Medel. 14. april—14. okt.	8,28	11,47	7,73	3,05	7,63	1406	—	—	—	—	12,93
Medel. mai—sept.	9,52	12,67	8,97	4,12	8,82	1351					14,12

Tabel 4. *Telemaalingar paa Mæresmyra 1923.*

Dato for telemaalingar	Saatidsfelta — nybrote myr		Vollpløgsle		Grasvoll		Udyrka myr		Mineraljord	
	Avstand ned paa telen	Teletjukk- leik	Avstand ned paa telen	Teletjukk- leik	Avstand ned paa telen	Teletjukk- leik	Avstand ned paa telen	Teletjukk- leik	Avstand ned paa telen	Teletjukk- leik
	cm.	cm.	cm.	cm.	cm.	cm.	cm.	cm.	cm.	cm.
15. febr.	—	—	—	30—35	—	15—20	—	—	—	—
26. mars	—	—	2—5	25—30	0	20—25	0	20—25	10—20	0—20
3. april	—	—	8—10	20—22	6—8	18—22	2—3	20—23	—	—
10. —	—	—	10—14	14—19	7—9	15—20	2—4	18—22	—	—
20. — ¹	12—18	18—22	15—20	10—15	9—12	10—14	4—6	16—20	—	—
1. mai 2. saatid	12—17	10—15	12—16	8—10	15—20	4—8	10—14	10—15	—	—
10. — 3. —	15—20	9—12	18—22	0—5	20—24	0—5	12—18	8—10	—	—
20. — 4. —	25—30	0—5	—	—	—	—	—	—	—	—

¹ 1. saatid 24. april.

Spireevna er ganske bra, men vatsinnhaldet er høgt for bygget; for havren er det etter dei daarlege bergingsforhold eit ganske laagt vatsinnhald.

Hl. vegta, som er undersøkt her, maa segjast vera god for Perlehavre, for bygget er ho laag.

Optakinga av hovudkaalen tok til 29. sept. Poteterne opteke 29. sept. og for rovekstene — gulrot, kaalrot, neper o. s. b. vart optakinga byrja 1. okt.

Skador paa planteveksten.

Av innsektskador kann nemnast: *myhanklarvor* (stankelbein — *tipula olerasia*). Desse har i dei siste aar stadig angrepe hovudkaalen straks etter utplantinga. Siste aar hadde denne serleg gunstige vilkaar for aa gjera skade; i den kalde periode i mai og juni gjekk planteveksten smaa fram, og hovudkaalen vart fort vek eten av so omplanting maatte fyretakast fleire gonger i juni md.

Byggaakeren vart og angrepe, so her og der vart det flekkjer der spirane var heilt opetne.

Av *trips* (*blærefotter*) var der noko angrep paa bygg.

Kaalflugelarva (*cortophila brassicæ*) har kvar haust angrepe kaalrota, og siste aar sterkare enn fyrr, den gjekk og paa knutekaalen. Hovudkaalen var ikkje mykje angrepe.

Frostskade kunde det merkast noko av. Det var mange frostmeter paa fyresumaren, men nokon større skadeverknad kunde ikkje merkast, anna enda at planteveksten vart seinka. Av plantar som vart merkt av frosten, skal nemnast potetorne, der graset blir skadd so snart det er kuldegrader. Etter ei frostnat paa $\div 3^{\circ}$ C. den 18. juni, var kaalplantar, nepor, kaalrot, selleri, purre og kløver skadd noko; solsikke kunde ikkje merkast aa vera skadd. Ei frostnat paa $1,5^{\circ}$ C. den 26. juli skadde bygget noko. Dei tidlege byggsortar stod daa i bløming, og det viste seg at paa desse sortar vart mykje tome aks (akset var fullt utvikla men fannst ikkje merg i det). I dei seine byggsortar, som blømde seinare, fannst ikkje noko slike tomaks. Frosten i sept. skadde dei seine havresortar.

Paa grunn av stokklauping i rotfruktaakeren vart det uvanleg liten avling av rotfrukter. Det viste seg stor skilnad paa stokklaupinga etter dei ulike saatider, difor kann det ha sin interesse aa referera noko fraa desse forsøk. — I tab. 5 er dette framstillet.

Her ser ein at stokklaupinga har vorte mindre ved aa utsetja saatida, og avlingen har vorte størst etter siste saatid for neporne, etter andre saatida for kaalrot. Fynsk bortfelder har minnst told den tidlege saaninga av neporne, Dales hybrid noko betre. Fynsk bortfelder har gjeve størst avling av desse sortar etter siste saatid.

Gulrota er minst paaverka av den tidlege saaning, det var berre nokso faa plantar som var stokklaupa paa rutorne etter 1. saatid, og dette utgjorde ikkje so mykje som 1 % eingong. Avlingen har vorte størst etter 1. saatid.

I fig. 1 og 2 ser ein dei ulike saatider for Fynsk bortfelder.




Fig. 2. *Fynsk bortfelder.*

Til venstre: Saadd 18. mai. Til høgre: Saadd 1. juni.



Fig. 1. *Fynsk bortfelder.*

Til venstre: Saadd 4. mai. Til høgre: Saadd 18. mai.

Tabel 5. *Stokklauping og avling etter ulike saatider for nokre rotfruktsortar sumaren 1923.*

Rotfruktsort	Plantetal pr. maal	Derav stokklauparar	Pct. stokk- lauparar	Kg. røter pr. maal	Merknad
<i>Nepor:</i>					
Kvit mainepe 1. saatid . . .	10 603	9 723	91,7	278	1. saatid 4. mai
—»— 2. — . . .	10 788	3 912	36,3	4 144	2. — 18. —
—»— 3. — . . .	10 742	116	1,1	4 641	3. — 1. juni.
Fynsk bortfelder 1. saatid . .	6 412	6 228	97,1	—	
—»— 2. — . . .	6 297	4 051	64,3	1 759	
—»— 3. — . . .	6 644	185	2,8	5 105	
Dales hybrid 1. saatid . . .	7 084	5 950	84,0	625	
—»— 2. — . . .	6 598	1 783	27,0	3 380	
—»— 3. — . . .	6 667	0	0	4 032	
<i>Kaalrot:</i>					
Trondheims kaalrot 1. saatid	8 333	7 778	93	2 813	
—»— 2. — . . .	9 056	2 778	31	3 315	
—»— 3. — . . .	7 989	0	0	3 000	
<i>Gulrot:</i>					
Chantenay 1. saatid	50 333	333	0,6	3 315	
—»— 2. —	59 556	110	—	3 204	
—»— 3. —	59 000	0	0	2 149	

Dette som her er framstilt for neporne maa ikkje takast som forsvar for sein saaning av nepor. So tidleg som 4. mai vil neporne aldri verta saadd heroppe i alm. praksis, men forsøket viser at ein maa vera varsam med aa saa nepor (og kaalrot) i kald jord. Den vesentligste grunn til stokklaupinga, var dei uheldige vertilhøva i mai md. Dei mange frostneter som daa var, har vel og hjelpa paa denne. Frøet sin innverknad kann ikkje segjast noko om i dette forsøk.

Avlingarne vart smaa for dei fleste vokstrar i dette aaret. Høy slog best til av alle og høyavlingen variera fraa ca. 500 til 944 kg. pr. md., siste talet skriv seg fraa den beste 2. aars enga. Kornavlingarne var smaa. Asplunbygg fraa 1. saatid gav 220 kg. og trønderhavre fraa 2. saatid 215 kg., haustrug (Petkuser) 138 kg. korn. Potetor (Grahms) gav 2328 kg., nepor (Østersundom, liten stokklauping) 5643 kg., gulrot (Amsterdammer stod best dette aar) 4660 kg. og huvudkaal (Trønder fraa Støp hagebruksskole) 2800 kg., alt pr. maal rekna.

Av desse her nemde vokstrar har høy og gulrot gjeve den forholdsvis beste avling.